



Talet på fellingsløyver for Uskedalen er så å seia det same som i fjor.

**For Uskedalen og Skorpo er det små endringar i talet på fellingsløyver for hjort frå i fjor til i år. I Uskedalen blir det gjeve løyve til å fella 105 dyr til hausten, medan talet var 108 i fjor haust. På Skorpo er talet på tillatt felte dyr fire – som i fjor (Oscar Langballe).**

Tildelingsforslaget for heile kommunen er 1.134 dyr, som er to fleir enn i 2006. Den største endringa skjer på Halsnøy, der det er foreslege 39 år mot 49 dyr i fjor. Dette skjer ut frå problem med samansetjinga av stamma og etter utarbeiding av ein overordna bestandsplan.

Løyvene for Uskedalen fordeler seg slik:

Peder Ljosnes 7 dyr, Joar Hjelmeland 7 dyr, Tormod Myklebust 17 dyr, Lars Haugland 14 dyr, Tore Musland 21 dyr, Sverre Myklebust 10 dyr, Geir Enes 8 dyr og Halvard Døssland 21 dyr.

Steinar Kroka i Uskedalen får lov til å fella tre dyr i Mauranger.

Forvaltningskomiteen skal vedta tildelinga onsdag til veka.

I år blir det tildelt 490 "frie dyr" til 16 vald med eigen bestandsplan. Desse valda har 44 prosent av godkjent jaktareal i kommunen.

I fjor var det 120 jaktvald, som no er redusert til 113. Samarbeid ga ein reduksjon til 113 vald, men oppdeling har gjeve to nye jaktvald i år og dette blir beklaga i saksdokumenta for forvaltningskomiteen.

Fordelinga er gjort for å auka kalveskytinga og for å jevna ut kjønnsfordelinga i det som blir skote, skriv saksbehandlar Terje Natland.

Totalt sett er det gjeve noko høgare løyvetal for einskilde nye planområder og til nokre vald som har søkt om ekstra løyver på grunn av utviklinga i stamma.

Av Ola Matti Mathisen